

Sesongopning på utvandringssenteret

SLETTA: Søndag 19. mai blir det sesongopning på Vestnorsk utvandringssenter på Sletta. Der kan du mellom anna få med deg utstillinga "Det ville vesten" med teikningar frå skuleelevar i Nordhordland. Det blir og guida vandring frå gard til gard med tema "Amerika-gardar på Sletta". På ettermiddagen vert det konsert i Emigrantkyrkja med Rune Vandaskog som spelar songar frå den amerikanske folk- og countrytradisjon.



Vann overnatting på turlagshytte

NORDHORDLAND: Trekninga etter Opptur-arrangementet for alle åttandeklassingar er no klar. Dei to gjevaste premiane gjekk til klasse 8b på Rosslund skule og til klasse 8e på Knarvik ungdomsskule. Dei heldige elevane får gratis overnatting på ei av turlaget sine mange hytter i fjellheimen. Det var over 6000 påmelde til Opptur-arrangementa i Hordaland, og fylket vart vart med dette det fylket i landet med flest deltakarar.

Ny gigantmaskin på plass i steinbrotet på Eikefet

LINDÅS: I byrjinga av april vart nyvinninga levert, etter montering og endt opplæring er forgravaren no i full drift i brotet.

MORTEN SÆLE
morten.saele@nordhordland.no

Det er Oster Brudd AS, dotterselskap av Oster Pukk & Sand AS, som har gått til innkjøp av den store CAT-maskina, ei såkalla forgravar. Det vil seia at skuffa som løfter stein står montert framover.

Den digre maskina har ei totalvekt på 115 tonn, og ei skuffe som rommar drygt 7 kubikkmeter. Det vil seia at den kan løfta 12 tonn stein i ein operasjon.

I full drift

Maskina vart ferja inn til Eikefet i fleire delar og montert på plassen av folk frå leverandøren PON. Etter endt opplæring av maskinforarane er maskina no i full drift i steinbrotet.

- Vi har to mann som køyrer maskina fast sidan vi har to skift. I tillegg har vi to ekstra mann som og har fått opplæring, seier Bente Kleiven, direktør i Oster Pukk & Sand AS.

Innkøringa av den nye maskina har gått knirkefritt.

- Det har gått veldig greitt, det har ikkje vore noko større innkøyringsproblem, fortel Kleiven.

Matar tipptrucker

Den nye maskina står i brotet der den matar tre til fire tipptrucker med stein som er sprengt ut i fjellet. Deretter vert steinen køyrd til

Kraftig plugg løftar 12 tonn stein i ei skuffe



RUVAR I TERRENGET: Dei tilsette i steinbrotet vert små samanlikna med den nye forgravaren som no er i full drift i steinbrotet.

(Foto: Oster Pukk & Sand AS)

sjakta som er sprengt ut frå steinbrotet og ned til Eikefet. Der blir massane tippa ned til grovknusaren inne i fjellet. Derifrå går steinen på band til diverse finknusa-

rar utanfor, for det ferdige produktet vert transportert av garde med båt eller bil.

- På kvart skift køyrer vi rundt 5000 tonn stein i sjakta, fortel

driftsleiar Audun Eidsheim. i steinbrotet er dei sju mann per skift. Med normal drift er det tre tipptrucker som køyrer under forgravaren.

- Då går det kontinuerleg heile tida, fortel Eidsheim.

Betre klang for korpsa

RADØY: - Det er gjort eit banebrytande arbeid for å betre arbeidsforholda for korpsa og song- og musikk-miljøet rundt om i kommunane, seier ordførar Jon Askeland.

RANDI BJØRLO
randi@nordhordland.no

Askeland som for nokre år sidan sette fokus på akustikken i øvingslokala til korpsa, har vore med i eit standardiseringsarbeid i forhold til akustikk i musikk- og øvingslokale.

- Det har vore veldig spen-

nande å få delta i dette arbeidet saman med nokre av landets fremste ekspertar på området, seier han.

- Når standarden vert ferdig, så har landet vårt fått eit system som sikrar både idrett og musikk gode arbeidsforhold i bruk av offentlege bygg, seier Askeland om det inspirerande arbeidet. Eit arbeid han fortel han har gjort i trygghet for at han har det rike musikklivet i Nordhordland i ryggen.

Etter initiativ frå Norsk musikkråd og deira medlemsorganisasjonar, har Standard Norge altså sett i gang med å utvikla

ein Norsk Standard for lydforhold og kriteriar for musikklokale og øvingsrom.

- Det er viktig å kunna høyra seg sjølv og dei andre passande for å kunna få til eit godt samspel, og for å kunna trivast i korset eller koret, seier Jon G. Olsen, leiar i Norsk musikkråd sitt utval for musikklokale.

Den nye standarden vil bli eit spesielt nyttig verktøy for kommunane som er ansvarleg for at korpsmusikarar og andre vert bydd forsvarlege øvingslokale rundt om.



NY STANDARD: Også musikantane i Manger Musikklag vil nytta godt av den nye standarden. (Arkivfoto)